



KULTBAND TIL KONGSBERGJAZZ

Kongsbergjazz seier det er ein draum for alle jazz-festivalar å kunne presentere det legendariske kultbandet Art Ensemble of Chicago. Bandet som i utgangspunktet er eit frijazzband, men dreg med seg element frå heile jazztradisjonen og mykje annan musikk, skal ha to nattkonsertar på festivalen 7. og 8. juli.



r på jorda med ein ny, sjølvbiografisk plateboks.

også har ei evne til å ta tak i tungt stoff med ei lett hand. Han skyr heller ikkje dei eksistensielle spørsmåla på *50 Song Memoir*, men det skjer alltid med vidd og eleganse. Rett som det er, kjem han også med ein song som er rørende på ein nærast avvæpna måte, som «I Wish I Had Pictures», den nestste songen i samlinga, som med rette har vorte samanlikna med The Beatles-klassikaren «In My Life».

Merritt tek no med seg 50

Song Memoir til eit knippe nord-amerikanske byar, der han skal spele alle desse femti songane over to kveldar i utvalde konserthus. Bandet er stadfesta som gjestar på Primavera Sound-festivalen i Barcelona i juni. Det er berre å håpe at dei utvidar med eit knippe konsertar lenger nord i Europa også.

ØYVIND VÅGNES

Øyvind Vågnes er forfattar og fast musikkskribent i Dag og Tid.

Arkivet: The Doors

Vi får koste på oss to 50-års-jubileum i boksform denne veka, for det har faktisk gått eit halvt hundreår sidan The Doors gav ut debutplata si. Ein boks som feirar *The Doors* (Rhino/Elektra), er rett rundt hjørnet.

Det tok berre seks seine



augustdagar i 1966 å spele inn albumet, som kom ut på nyåret i 1967. Det er vel vanskeleg å overdrive tydinga albumet har hatt: Songar som «Break On Through (To The Other Side)», «The Crystal Ship», «Light My Fire» og «The End» har sett kraftige spor etter seg i rockehistorien. Og det finst vel knapt ei betre drikkevisne enn Jim Morrisons variant over Brechts «Alabama Song (Whisky Bar)»?

Er det nokon vits i å lytte til denne nye boksen, då? Du skal ikkje sjå bort frå at du også vil ha glede av konsertopptaket frå *The Matrix*, spela inn for ganske nøyaktig femti år sidan, den 7. mars 1967.

ØYVIND VÅGNES

KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhabring@gmail.com

Renessansepolyfoni med ironi

Reformasjonsjubileets festlegaste album gjev oss tonesett luthersk propaganda.

CD



JOHANN WALTER, STEPHAN ZIRLER M.F.L.:

1517.

Mitten im Leben

CALMUS ENSEMBLE; LAUTTEN COMPAGNEY; LUTT OG LEIING; WOLFGANG KATSCHNER CARUS 2017

Til 500-jubileet for Luthers tesse-slag på slottskyrkjedøra i Wittenberg kjem vokalgruppa Calmus Ensemble og instrumentensemblet Lautten Compagny med det mest morsame reformasjonsalbumet til no i år. På 25 stutte spor gjev dei oss musikk som på ulikt vis er knytt til Luther og læra hans, framført av fem songarar som blir akkompagnerte av blokkfløyte, zink (eit bukkehornliknande blåseinstrument), fiolin, gambe, trombone og lutt.

At Luther såg på musikk som eit av dei viktigaste «våpena» i reformasjonsstrevet, er velkjent – sjølv skreiv han 36 nye salmar og dikta om mange andre frå latin til tysk. Men det spesielle med den nye CD-en er at han ikkje inneheld lutherske salmar – salmealbum er det kome mange av dei siste månadane – men vokalmusikk i grensa mellom det sakrale og det verdslige som konkret propaganderer politisk for Luther og felagane hans, og mot alt paveleg.

TRE SIMULTANE SONGAR

Komponisten Johann Walter (1496–1570) var Luthers næraste musikalske medarbeidar; saman gav dei ut den fyrste lutherske songboka av den typen som blei nytta flittig i kvar lutherske heim i hundreåra etter, og i Noreg. Men Walter evna langt meir enn å skriva enkle salmelodiar, noko han syner i det andre sporet på plata. Her greier han kunststykket å la tre komposisjonar med ulik melodi og tekst klinga samstundes:

Eit kor av fire røyster tek seg av det sakrale og syng den kompliserte kanonen «Beati immaculati in via» frå bibelens 119. salme. Samstundes hyl-ler bassen reformatorane med den verdslige songen «Vivet Luthere», som byrjar med orda «Leve Luther! Leve Melanchthon! Mätte de leva, de verdas lykter!» (Teologen Melanchthon var Luthers sjefstrateg). Samstundes med dette igjen lovprisar alten kurfyrsten som sette makt bak Luthers krav: «Leve Johann Fredrik, kurfyrste og hertug av Sachsen, vernar av den sanne læra». Dette kompositoriske meisterverket, som blir ypparleg framført av Calmus Ensemble, toler å bli lytta til gong på gong.

SARKASTISK

At dei i Tyskland ikkje er så gode på ironi no til dags, veit eg, som bur her nede, alt om. Var tyskarane betre ironikarar for 500 år sidan? Ja, om me skal tru stykket «Frametter vil eg vera paveleg og god» av Stephan Zirlner (kring 1518–1568),



Det einaste som ikkje er parodierte, er tøflane: «Eg er paven», står det over denne reformasjonskarikaturen.

som er det festlegaste sporet på plata. Komposisjonen er i tradisjonell fleirstemmig renessansestil, men teksten er spesiell, for han er gjennomgåande ironisk, jamvel sarkastisk, mot alt papistane står for. Ikkje minst mot avlatshandelen, som blir teken føre seg i andre strofe: «Frametter vil eg vera paveleg og god / og ikkje frykta synda / eg røvar, stel, gjer nett det eg vil / paven greier nok opp for meg.»

SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musikar og fast musikkmedlar i Dag og Tid.

Ljos og ungdommeleg

CD



MONTEVERDI, FRESCO-BALDI M.F.L.:

Formosa Mea

TONE WIK, SOPRAN; M.F.L. LAWO 2016

Kjærleikserklæringa frå Salomos høgsong *Formosa Mea* («Du, mi fagre») er tittelen på plata, der sopranen Tone Wik syng italiensk kyrkjemusikk frå byrjinga av 1600-talet.

I denne tida frigjorde musikkens seg frå renessansens kom-

pliserte fleirstemmigheit og tok enklare, barokke former, der éi solostemme blir akkompagnert av ein besifra bass, her lytelaust utført av organisten Christian Kjos og luttspelaren Vegard Lund.

Tone Wik har ei ljøs og ungdommeleg sopranrøyst og formar dei små, snøgge ornamenta som er så typiske for den tidlege barokkmusikken, med klår artikulasjon og intonasjon.

Formosa Mea er eit fint og avvekslingsrikt album, ikkje minst grunna dei instrumentale stykka for orgel eller lutt som kjem mellom songane.



Den norske sopranen Tone Wik. Foto: Jørn Pedersen

SJUR HAGA BRINGELAND